
Fra: Jahn Tommy Midtgård <jatomm@online.no>
Sendt: 25. august 2016 14:53
Til: Postmottak Lindås
Emne: Søknad om tilskot

Hei. Me i Lindås og Meland sau og geit skal også i år, saman med Radøy og Austrheim sau og geit og Austrheim bondekvinnelag, arrangere landbruksdag for Nordhordland. Den vert på Austrheim den 1. oktober. Me skal ha norges største kåringssjå, der nærare 300 verlam frå nordhordland vert bedømte med tanke på vidare avl. Me steller også til utstilling av storfe, sauer av ulike raser, høner og andre smådyr, og me skal ha hesteriding for dei minste. Det vert utstillingar av handtverk og brukskunst og konkurransar. For at dagen skal vere attraktiv for alle, legg me opp til at alt, bortsett frå mat og drikke, skal vere gratis. I fjor hadde me ca 2000 besøkande på landbruksdagen. Laget vårt har ein god del utgifter og legg ned stor innsats saman med dei andre laga for å stelle til denne dagen, og me har dei siste åra fått kr 5000,- i tilskot frå Lindås kommune til dekking av litt av utgiftene våre. Lindås og Meland sau og geit ønskjer også i år å søkje om tilsvarande sum i tilskot i samband med Landbruksdagen 1. oktober 2016.

Mvh

Lindås og Meland sau og geit

v/Jahn Tommy Midtgård